

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 6

Advent 2020

Årgang 86 år

## Alltid større

*I opphavet var Logos,  
og Ordet var hos Gud  
og Ordet var Gud*

*Gud gav menneska  
orda og dei kunne tala saman  
men orda var for små  
til å skildra han.*

*Men Moses våga å spørja:  
Når nokon spør etter gudsnamnet,  
kva skal eg då svara?  
«Eg er den eg er.  
Eg er har sendt meg til dykk»*

*Då tida var fullkommen, sende EG ER  
son sin.  
Og Ordet vart kjøt  
og tok bustad imellom oss  
og vi såg Hans herlegdom  
full av nåde og sanning*

*Menneskesonen  
har synt oss kven EG ER.*

*Menneskeorda er som briller med minus*

*EG ER er alltid større enn tenkjaren tenkjer  
EG ER er alltid større enn presten preikar  
EG ER er alltid større enn vitskapen veit*

*Men kva gjer det når du og eg er elskar  
EG ER,  
slik som du og eg er.  
Då vert me og alle andre i verda utruleg  
Verdfulle.  
Det er berre å ta imot i tru.*

*Gledeleg Jul!*

*Dikt og bilet "Inkarnasjon II"  
av Anders Holmefjord*

Dette nummeret av kyrkjebladet giekk i trykken akkurat når dei nye covid19 restriksjonane kom i november. På grunn av dette er mange av arrangementa som er omtala i dette bladet usikre. Det kan på kort varsel bli endringar i alle arrangement kyrkja steller i stand. Følg med på Fusa sokn si Facebook-side og i lokalpressa. I alle arrangement som går som planlagt vert det lagt til rette for godt smittevern.

## FUSA sokn Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: post.fusa@kyrkja.no

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

### Fung. kyrkjeverje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

### Dagleg leiar

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Trusopplæring

Stefan André H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström 95 52 96 30

Norunn Rød Markhus Permisjon

### Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

### Kyrkjeterarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg redaktør:  
Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

Konto for kyrkjebladet:  
3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år  
Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:  
Hans Einar Markhus  
Toril Hjartåker Hauge

## “Men krubba passar ikkje lenger.....??”



Norunn Rød Markhus

Det er snart 1. søndag i advent. Julemat og nissar, juletre og julelys er allereie “gammalt nytt.” Midt i alt dette er kyrkja sitt oppdrag og ynskje på nytt å halda fram historia om barnet, krubba, englesongen, gjeterane og kongane. Også denne forteljinga er “gammalt nytt.”

Det er utfordrande å kvart år leite etter nye perspektiv i juleevangeliet. For at forteljinga skal fått nytt liv er likevel dette naudsynt. Ein detalj som eg ikkje har gjennomtenkt i så stor grad før, har eg likevel klart å finne i den gamle historia. Det nye perspektivet fekk eg etter ein handletur med yngstejenta: I ein handlesenterinngang beundra me, berre for nokre dagar sidan, ein juledekorasjon med både julelys, juletre, nydelege blomar, reinsdyr og snø. Det var verkeleg eit flott skue! Me tilbrakte eit lite heilagt minutt framfor kreasjonen før measta vidare. Skal tru om det ikkje er slik mange av oss forheld oss til juleevangeliet også? Barnet i krubba er så vakker, foreldra er både modige og gode forbilder, englesongen er himmelsk og jammen får barnet besøk av både høg og lav. Ja, det er ei vakker forteljing.....men så hastar me vidare med dei daglege gjeremåla våre....

I år har eg lagt særskilt merke til gjeterane i juleevangeliet. For kva gjer dei? Dei oppsøkjer barnet som englane song om og finn barnet i krubba i stallen. Men dei gjer meir; dei kneler ned ved krubba, framfor barnet. Denne adventstida vil eg ikkje berre beundre barnet i krubba men også knele ned; lese i Bibelen, synge gamle og nye julesongar, be, oppsøkje fellesskapet i kyrkja, ta imot nattverd. Om eg, - og du, ikkje berre beundrer krubba frå utsida, men vågar “å knele ned” trur eg me vil bli betre kjent med Han som var der då verda me bur i vart skapt, me vil finne ut “at krubba ikkje passar lenger,” at barnet vart mann, at krubba vart kors, at livet vant over døden, at lyset er sterkare enn mørket. Skaparen vart ein skapning- fordi han elskar alle menneske.

“Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg,  
slik opna du porten til himlen for meg.  
Velsign oss, ver med oss, gje ljós på vår veg,  
så alle kan samlast i himlen hjå deg.”

Vers 3, “Ei krubbe var vogga”

Norunn



# Jesus blir fødd

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då för alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrdet til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der saman med Maria, som han var trulova med. Ho venta då barn. 6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for dei fann ikkje husrom nokon stad.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på markene og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,  
og fred på jorda  
blant menneske som Gud har glede i!»

Då englane hadde fare tilbake til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrdet på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende tilbake. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Lukas 2,1-20



14 av i dei gjenlevande 17 konfirmantane i Hålandsalen hausten 1960 var til stades på gudstensta i Hålandsalen kyrkje søndag 25.oktober for å markera 60-års-jubileum som konfirmant. Det vart tent lys til minnne om dei 8 i kullet som ikkje lever lenger. Etter gudstenesta hadde gjengen ei fin samling på Eikelandsosen bedehus med mimring, kaffi og hygge. I gudstenesta heldt ein av jubilantane, Lars Arne Markhus, ei ei helsing til kyrkjelyden, med tilbakeblikk på konfirmasjonen «den gang då»:

## 60 års-konfirmant i Hålandsalen kyrkje 2020



Bak frå venstre: Kjell Olav Bruland, Øystein Bjørkheim, Lars Arne Markhus, Leiv Rød, Hans Andreas Nybø, Edvin Jostein Tombre, Samson Olai Håland og Gitle Emil Ragnhildstveit.  
Framme frå venstre: Magny Rusås Fields, Lillian Ovidia Mjånes Haga, Alma Karin Gaustadnes Gytre, Svanhild Skår Drøsdal, Eldfrid Tveitnes Birkeland.  
[Harald Bjørndal var også til stades i kyrkja, men ikkje då biletet vart teke]

### Konfirmasjonsførebuinga

starta sommaren 1960 etter at skulen slutta. Hugsar at det var ein svært varm sommar, og det var bra, for vi frå Sævareid sykla dei 14 kilometerane til og frå Holdhus på konfirman-tundervisning. Vegen frå Sævareid var ganske ny og mange fekk sykkel for anledninga, og nokon måtte låna.

Eg synes det var spennande å møta folket i Hålandsalen. Vi visste ikkje kva slags typar det var som budde der, så vi måtte berre «hoppa i det». Det var ikkje noko førebuing på nokon måte.


Presten Skauge var svært tålmodig og snill, men vi var snille vi og, så han hadde ikkje noko disciplinærproblem (trur eg, som var så snill sjølv). Men vi prøvde å lura presten når vi skulle framføra salmevers utanåt.

Undervisninga var på skulen på Holdhus, men vi var og innom gamlekyrkja og på galleriet i Eide-kyrkja der Lars Holdhus snakka om orgellet og litt om gangen i ei gudsteneste (liturgien).

### Konfirmasjonsdagen

hausten 1960 vart ein spesiell dag, med mykje spenning. Eg personleg var svært nervøs. Korleis skulle det gå når vi stod på kyrkjegolvet og presten kom med spørsmåla sine? Vi var nok spente alle 25, 10 jenter og 15 gutter.

På førehand hadde eg fått hatt, frakk, dress og paraply, så alt det ytre var i «skjønneste orden», men vi synes det var litt rart at dei fine kleda våre skulle skjulast av ei kvit kappe. Trur vi var dei første som fekk kapper på oss. Vi fekk tildelt plassar i midtgangen i kyrkja, gutane på den eine sida og jentene på den andre, og vi stod et-



## «Dagar i desember» - juledikt frå Anders Holmefjord

Anders Holmefjord har i desse dagar gjeve ut boka «Dagar i desember», ei diktsamling med julevers. Dei 32 juledikta som har fått plass i boka har blitt til gjennom dei siste 40 åra, og til kvart dikt er det knytt eit illustrasjonsbilete. Desse har Anders anten teke med kamera eller det er akrylmåleri han har måla sjølv.

Boka er gjeven ut av Anders sjølv

gjennom Alpha forlag. Den er ei flott julegåve!

Du får kjøpt boka direkte hos Anders (aasand@fusi.no), på Welkome Home på Fjorden senter eller på kyrkjekontoret. Den kostar kr. 220,- og overskottet går til Ungdom i Oppdrag sitt misjonsarbeid v/Helga og Rod Lobaugh.

ter storleiken, dei største først, så eg kom til sist.

Presten stilte spørsmål, men gjekk fort vidare til neste dersom konfirmanten var usikker på svaret. Skauge var ein mild prest.

Eg trur at dei fleste hadde selskap heime etter at seremonien i kyrkja var ferdig. Då var det nok slik som no at den nærmaste familien og fadrane var samla til mat og hygge, og konfirmanten fekk utdelt gåver og kort. Men det var ikkje dei store pengegåvene slik som no. Av større ting fekk eg fotoapparat og klokke i tillegg til kleda som eg alt har nemnt. At dette er 60 år sidan, er knapt til å tru.



## SONGBUKETTEN

er for barn i alle aldrar, vanlegvis er me mellom 10-13 barn. Vi samlast på Nordtveit bedehus annakvar måndag kl. 17.30- 18.30. Her er det song, teikning, konkurransar og andakt. Nokre gongar blir det også eksperiment av professor Proff og hoppeslott, som her på biletet.

Nett no har me teke juleferie, men **alle barn i søre Fusa er velkomne på Songbuketten etter nyttår!**

Venleg helsing leiarane,

Bente Sundfjord, 95236278, Stefan Høysæter Svendsen, 98421117



## Test-deg-sjølv-QUIZ -Jesu fødsel



1. Kva er dei 4 viktigaste kjeldene som fortel om Jesus?
2. Kva to kjelder fortel om Jesu fødsel?
3. Den kanskje viktigaste er det me kallar «Juleevangeliet». Kvar står det?
4. Når vart Jesus født?
5. Kvifor var Josef og Maria i Betlehem?
6. Kven var «dei tre vise menn»?
7. Kvifor fekk han namnet Jesus og når fekk han det?
8. Kva betyr namnet Jesus?

Svar:  
1. Evangelia etter Matteus, Markus, Lukas og Johannes. 2. Evangelia etter Matteus og Lukas. 3. Lukas 2:1-20. 4. Dei mest sannsynlege er ca. år 4 f.Kr., medan Kong Herodes styrtde. 5. Fordi dei var folketillegg i Romarriket, og Josef si slækt kom frå Betlehem.  
6. Matteusvernsagellet fortel at det var vise menn frå Asia som kom til Jesus. Det står ikke noko om at dei var tre, men det står om tre gäver dei hadde med til Jesus. 7. Ein engel sa det til Joseph i ein drøm. (Matteus 1:21). 8. Jesus bærer «Gud fråsarrædder meg»

## Open kyrkje i Hålandsalen

Onsdag 25. november blir det open kyrkje i Hålandsalen kl. 18.00-19.00. Her kan ein tenne lys, sitje stille i ein benk og vere med å syngja adventsalmar med kantor Iman de Zwarte ved orgelet. Anders Holme-fjord vert med og les juledikt frå den nye boka si, «Dagar i desember».

Kl. 17.30-18.00 er det høve til å bli med på bønesamling i kyrkja.



### Smilekroken:

I denne første utgåva av «Smilekroken» let me Ole Bjørn Eikeland, Smilekroken sin opphavsmann, få starta med ein liten stubbe. Den er kanskje litt utanfor sesong, men underfundig og attkjennande for både bønder og andre:

Bonden måtte i slattonna ta søndagen til hjelp for å få tørrhøyet i hus. Presten kom forbi, og såg dette, med følgjande kommentar: « Jeg ser at bonden arbeider på hviledagen. Skulle han ikke holde hviledagen hellig?»

«Jau jau, eg veit no da, prest. Men, men dei melde regn..... og eg kjøre no småe lass!»





# Alternative gáveidéar støtt gode saker!

## HJELP BRANNSKADDE BORN I ETIOPIA!

Du kan kjøpe gávekort både på Bruktbuo og på kyrkjekontoret. Du bestemmer sjølv prisen på gávekortet du vil gje, men minimum kr.100,- pr kort. Alle midlane som kjem inn går til Children Burn & Wound Care Foundation,(CBWCF) – arbeidet som dr Einar Eriksen driv i Etiopia. Pengene går i all hovudsak til operasjon av born, og dessutan til opplæring av lokalt helsepersonell. Du kan lese meir på side 16-18.

**Gávekort**  
- Hjelp til brannskadde born  
i Etiopia

Dr. Einar Eriksen og kona Lillian-Rose Eriksen arbeider med å hjelpe brannskadde born i Etiopia. Brannskade blant born er svært mange i Etiopia – ditt serleg born lett skader seg over bål og kokeugnar i hytten. Dette arbeidet i Addis Abeba har Bruktbuo gitt halvparten av Fusa sokneråd har starta med å samle inn midlar slik at det kan opnast ein ny klinik i Sør-Etiopia. Les meir på baksida.

"Medisinsk behandling av barn med brannskader før svart mangle en forutsetning for å sikre seg skolegang. Mamush er 11 år gammal da han skadet seg som 2. dirig. Mamush har vært godt på skolen. Nå er halsen hans ferdig operert. Mamush er i stand til å vendre stund om vel tilbake til familien sin. Nå skal han begynne i 1. klasse." Einar Eriksen

Mamush før operasjonen. Etter operasjonen. Mamush i dag

## BOK PREGA AV FUSINGAR - EI SPANANDE GÁVE!

Visste du at der er minst 150 namn på Gud i Bibelen? Boka kan sjølv sagt lesast frå perm til perm, men den kan også vere som ei oppslagsbok. 115 namn på Gud er omtala i boka, og i alfabetisk rekkefølge. Boka er illustrert med meir enn 100 teikningar som Oline og Norunn Rød Markhus har laga! Namnet på boka er «Dine namn er som diamantar, Gud». Forfattar er Ove-Kjell Sakseid, busett i Norheimsund. Pris: kr.250,- pr bok. Forfattaren ønskjer at kr.100,- skal gå til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Boka får du kjøpt på kyrkjekontoret.



## Fusa-CD og julekort

Du kan kjøpe Fusa CD-en for kr.150,-. Alle inntekter går til brannskadde born i Etiopia. Den ligg for sal i Bruktbuo og på kyrkjekontoret.

Julekort kan du også kjøpe. Pris kr.10,-, og pakken inneholder fire julekort.



## FUSA KALENDEREN 2021

Du kan kjøpe Fusakalenderen på kyrkjekontoret. Pris kr.100,-. Det kan sjå ut som om fleire kjøper den til julehelsing – ein god ide! Alle inntekter går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Bilete i år er frå Skorafjellstjørna i Holmefjordfjella. Fotograf er Anne-Siv Skåthun Berge.



# Digitale julegåver!

Det ligg ingen giro med i dette bladet. Jula er uansett ei tid for gåver, og det er mange gode prosjekt og føremål knytt til soknet vårt. Du er velkommen til å gje ei pengegåve til fleire gode føremål:

## Støtt Fusa sokn sitt barne- og ungdomsarbeid!

Når du gjer det er du med på å bidra til at me får eit godt konfirmandtopplegg og eit trusopplæringstilbod til alle aldersgrupper. Dette er til dømes dåpshelsingar på eit og to-års dåpsdag, julekalenderbok til 3-åringar, bibelbok til 4-åringar, kors-smykke til 5-åringar, dåpsku-

le-tilbod til 6-åringar, Tårnagentdag for 7 og 8-åringar, Misjonstivoli for 9 og 10-åringar, LysVåken-helg for 11 og 12-åringar, Ungdomsalpha og leiar-trening for ungdom, SoulChildren kor og SubUrban dansegruppe, Barnekor, skule- og barnehage-samarbeid m.m.



Fusa sokn har dei siste 7 åra vore viktig støttepartner til organisasjonen **Children Burn and Wound Care Foundation**. Dette er Dr. Einar Eriksen og hans medhjelparar sitt arbeid med barnnskadde barn i Etiopia. Fusa sokn støttar dette diakonale arbeider gjennom Bruktbua og engasementet der, gjennom mosjonsløpet «Walk & Run» og gjennom andre innsamlingar gjennom året. Soknet har arrangert fleire turar til Etiopia og sett arbeidet – **me ser at pengane kjem fram og det nyttar!**



Mita 2 1/2 år er eit av mange opererte born sist haust. Alle såra ho hadde på magen og i lysken har grodd fint.

**Fusa sokn sitt misjonsprosjekt** er elevstipend til Tabor Evangelical College i Etiopia. Tabor er Mecha-ne Yesus-kyrkja i Etiopia sin utdannings-institusjon der ein utdanner evangelistar og prestar til teneste i sin lokale kyrkjelyd rundt omkring i heile Etiopia. Desse kjem ofte frå fattige kår og lokalkyrkjelydane har gjerne ikkje råd til å betala skule-pengar og opphold - sjølv om dei sårt treng prestar og evangelistar i ei raskt veksande kyrkje. Dette hjelper me dei med!



**DU KAN GJE TIL ALT DETTE** ved å bruke Fusa sokn sin VIPPS (nr. 90436) eller bruke konto nr. 3530.25.86215. Merk kva gåva skal gå til.



Intervju med Anne Sofie Martinsen:

# Leiar i ope landskap

I over ein mannsalder har Anne Martinsen budd i kommunen vår. Her har ho sett sine tydelege spor, både i terreng og i samfunnsliv. Folk kjenner ho frå ulike felt, men alltid som eit myndig og målretta menneske. I løpet av si tid som politikar, mottok ho kun to telefonar frå folk som prøvde å påverka ho. Dei fleste tenkte nok at den dama greier eg ikkje å rikka. Midt i alt ho har brukt kreftene og visjonane sine på, er det eitt som står hennar hjarta nærest, og det er leirskulelivet, konkretisert i Hålandsdalen leirskole.

Tekst: Toril Hjartåker Hauge



## «Salige visshet...»

Det er lett å få det for seg at livsvegen til Anne var staka ut alt før ho vart fødd, for dette var det som møtte henne då ho kom inn i verda: To foreldre som var lærarar og friluftsentusiastar, ein morfar som også var lærar og ei mormor som til og med var rektor ved Hellen skole i Bergen og pioner på leirskulepedagogikk. Det var denne mormora Anne fekk sitt andre fornamn ifrå.

Også mormor Sofie Holen hadde skule og leiarskap i blodet frå starten av. Ho var dotterdotter av Anders Jonson Tvedt, kyrkjesongar og skulehaldar i Strandvik siste halvdel av 1800-talet. Han starta si lærargjerning som femtenåring, og året etter fekk han følgjande skussmål frå sokneprest Rolf Olsen: Han «rørber ey alene Lyst og Flid, men Alvor og Kraft, forenet med Orden og Sædelighed.». Med ein slik biologisk og sosial ballast kan ein altså lett tru at Anne sikta seg inn på eit liv som leirskulerektor frå den stunda ho fyrst opna augo, men **«Nei,» seier ho bestemt. «Det var landskapsarkitekt eg ville bli.»**

Anne har hatt fem hundar. Denne ho har no, kalla ho Martin, og forklarer namnet slik: «Alle i hans kull vart kalla opp etter bilar, og dette er altså ein kraftig Aston Martin.» Kvifor det er siste del av namnet som er i bruk, ikkje det fyrste, forklarer fru rektor Martinsen ikkje. Det kan vera tilfeldig. Foto: Privat.

Så laga det seg likevel så fint at ho mangla eitt poeng på å koma inn på Landbrukshøgskulen. Mens ho las for å få tak i det eine poenget, tok ho på seg nokre vikartimar, og dermed var det gjort: Ho fekk smaken på lærar yrket.

”

«Eg vil møta elevane der dei er, og få alle til å føla meistring og at dei lykkast.

Det betydde på ingen måte at ho gav slepp på naturen. Skulle ho fyrst vera pedagog, skulle det ikkje vera inne i eit klasserom; ho ville ut i det opne landskapet og gjera jobben på ein leirskule. Frå 1977 har ho undervist og frå 2002 har ho leia Hålandsdalen leirskole, og ho seier at **«alt eg trudde og håpte på då eg kom hit, er blitt realitet.»** I lang tid har leirskulen arbeidd for å fremja ska-

parglede, utforskarkrond og respekt for naturen hos dei unge. I haust er desse verdiene også komne inn som overordna mål i Fagfornyinga, den nye læreplanen som gjeld alle offentlege skular i landet. «Her på leirskulen treng me ikkje gjera store endringar,» seier Anne. «Me er der alt.» Når eg spør om det ikkje er noko ho enno har ugjort i skulevesenet, er det berre eit par praktiske saker ho kjem på: «Kjøl- og frys systemet skal oppgraderast. Det same må reinseanlegget. Pedagogisk sett er ho og skulen heilt på plass.

## «Han er min glede, han er min sang.»

Det er tydeleg at skulen, og særleg leirskulen, er heime for Anne, og har vore det meir eller mindre heile livet. Kan ho seia det same om kyrkja? lurer eg på. Er ho fødd inn i den og? «Ja, eg kjem frå ein kristen heim,» svarer ho. «Kyrkja har alltid vore ein

naturleg del av livet.» Mor bad kveldsbøn, søskensflokken gjekk på søndagseskule, og i ungdomen var Anne aktiv i det kristne miljøet rundt Fana kyrkje. «Det er frå KFUK KFUM – Kristelig Forening for Unge Kvinner og Menn - eg har mine røter. Eg var med i styre og stell i Fana kristelege ungdomsklubb, og då eg byrja på lærarskulen i Volda, vart eg leiar i klubben der.» «Men songkoret Skruk kom eg meg ikkje inn i. Eg var ikkje sunnmøring,» skjemtar ho. «Ikkje hadde eg stemme til det heller, for den del. Røysta mi var god nok til å bli tatt opp som lærarstudent, - det var nemleg krav om at ein lærar skulle kunna syngja noko lunde reint -, men det heldt ikkje til det vidgjetne koret. Likevel: Eg har alltid vore fascinert av salmar. Det finst så mange gode tekstar, for eksempel den nydelege «Salige visshet».» Den salmen er skiven i 1873 av amerikanaren Fanny Crosby. Ho tilhørde den metodistiske kyrkja, ei trusretning Anne sjølv kjenner frå si tid i USA. I perioden 1980-81 studerte og underviste ho nemleg der og lærte mykje som er fundament for leirskulen den dag i dag. Også Crosby var lærar. Som barn vart ho blind, men det hindra ho ikkje i å bli verken pedagog eller diktar; mange tusen salmar skrev ho. Her i Noreg er det nettopp «Blessed assurance» som er mest kjend, omsett i 1909 til «Salige visshet, Jesus er min».

*«Salige visshet: Jesus er min!  
Han er min hyrde, kaller meg sin.  
Salige visshet! Allting er vel!  
Jesus har kjøpt meg, legem og sjell!»*

*Han er min glede, han er min sang.  
Ham vil jeg prise, livsdagen lang.  
Ham skal jeg evig love hos Gud,  
Han er min brudgom, jeg er hans  
brud.»*

Norsk Salmebok, nummer 492

Leiar-erfaringa Anne hadde frå det kristne ungdomsarbeidet, fekk ho bruk for også etter at ho hadde etablert seg i Fusa. Ho blei mellom anna med i Hålandsdalen sokneråd og dreiv ungdomsklubben i soknet



**«Eg alene Lyst og Flid, men Alvor og Kraft, forenet med Orden og Sædelighet.»**  
Sokneprest Rolf Olsens ord om Annes tippoldefar Anders i 1858, sitert i Skaathun, O.B., Soga for Fusa, Hålandsdal og Strandvik b. I (1961). Orda kan nok brukast om fleire i den slekta. Foto: Privat.

saman med Nils Otto Myrlid. Då kyrkjelova i 1996 kravde at alle sokn skulle vera eigne juridiske einingar, var det fornuftig å slå saman dei fire sokna i Fusa prestegjeld - Fusa, Hålandsdalen, Strandvik og Sundvor - til eitt. Anne og kyrkjeleverja Harald Geir Sæther styrte mykje av det arbeidet, og då det nye soknet og fellesrådet var på plass i 1998, vart Anne den fyrste leiaren. Det vervet hadde ho i åtte år.

Eit anna synleg spor Anne har late etter seg i sitt kyrkjelege arbeid, er Fusa-kalenderen. Ho og ei rekke andre driftige damer danna Kyrkjeleg kvinnegruppe. Dei ville finna ein måte å samla inn pengar til barne- og ungdomsarbeidet på. Å laga og selja kalendrar kom opp som ein idé, men kvar skulle dei finna midlar til trykking? Freidige som dei var, garanterte dei sjølv for kostraden på om lag 12 000,- og tradisjonen var i gang. Fyrste kalenderen heng på ein av Annes stoveveggar. Den har motiv frå Kjerringafjell, og det er Annes bror som står i silhuett og skodar utover skoddehavet. Dette var i 1986. Sidan er det laga 34 Fusa-kalendrar som til saman er selde for bortimot 2,1 millionar kroner brutto. Det må kunna kallast ein fruktbar idé, den kvinnene kom på og sette i verk.

### «Allting er godt!»

Fra det praktiske til det mirakuløse,



«Eg prioriterer ein tur med hunden framfor konstant nyvaska hus.»

det som gjer kyrkja til kyrkje: Gud vart menneske. Me nærmar oss jul! Frå midten av november og ut året er det jule-leirskular i Hålandsdalen, difor blir eg litt forbausa når Anne seier ho ikkje bryr seg så mykje om alt levenet omkring høgtida. «Høgtida står godt på eigne bein utan alt ståket rundt ho. Eg trivst best i kvardagen. Verken eg eller familien min lagar mykje oppstuss med jula. Me held det nøkternt og tar vare på det nærmeste, på samhaldet! Me kan sjå på kvarandre og spørja: Treng me julekaker?» Ho trekkjer på skuldrane. «Nei, me liker i grunnen best bollar. Jaja, krumkaker må me no ha.» Og for eigen del kan ho spørja seg «**Treng eg å støvsuga? Tja...»** For ein gongs skuld landar ho ikkje på eit fast svar der, så det må forblia uvisst om golvet til Anne blir vaska eller støvsoge før ho set seg ned julekvelden, men poenget får Anne fram: «Kvardagen er god!» Me treng ikkje streva for eller lata som at alt er perfekt for å vera nøgd med livet. «Eg prioriterer ein tur med hunden framfor konstant nyvaska hus.»

Også dette har salmen til Crosby i seg, gleda over kvardagen: «All things

Forts. neste side




are well!» - «Allting er godt.» På ein vanleg måndagskveld har Anne sjokoladekake og is etter middagen. Ja, er ikkje det fast ordning på leirskulen òg, at dessert må til? Det går gjetord om maten på leirskulen. Ungdomar minnest han årevis, så eg ber Anne om å dela ei oppskrift frå kjøkenet der oppe. Ho tenkjer seg ikkje lenge om her heller. «Då må det bli farmor sitt julebrød,» seier ho. «Bestemor budde i Oslo, og ho sa alltid: «**julebrød som er godt, fortjener smør, julebrød som er tørt, trenger det.** Og pass på: Ho sa **smør**, ikkje margarin.» Dei er visst mykje som oss menneske, desse julebrøda.

Det enkelte mennesket, den enkelte ungdom, den enkelte elev. Mellom alle mål og prosjekt Anne Martinsen har og har hatt, er det dette ho sjølv legg størst vekt på: «Eg vil møta elevane der dei er, og få alle til å føla meistring og at dei lykkast. Leirskulen er ein fantastisk arena for slik visjon. Kvar og ein skal få oppleva «Læring for livet.»»



**Julebrød**



Slik lagar du 2 julebrød:

<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1 kg kveitemjøl</li> <li>• 2 hg sukker</li> <li>• 2 ts kardemomme</li> </ul>	{	<p>Blandast</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1 pakke rosiner</li> <li>• 1 pakke apsikat</li> <li>• 1 pakke gjær</li> </ul>	{	<p>Blandast i mjølet</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• ½ l mjølk</li> <li>• 150 g smør</li> </ul>	→	<p>løysast opp smeltast</p>

Julebrødet skal steikast i ca. ½ time ved 210 °C.

**«Julebrød som er godt, fortjener smør,  
julebrød som er tørt, trenger smør»**

(sa Anne si bestemor alltid)

Foto: Privat.

## Misjonsmessa/Digitale aksjonsdagar

Den årlege Misjonsmessa som Fusa NLM plar arrangera på Eikelandsosen bedehus midt i november, blir ikkje gjennomført p.g.a. pandemien. **MEN:** Du har høve til å bli med å bidra likevel:

I perioden 20. – 30. november er det aksjonsdagar, d.v.s. innsamlingsaksjon i Fusa til støtte for NLM sitt arbeid. Set du inn pengar på konto nr. 3420.20.09141 eller via VIPPS til 130648 i denne perioden, er du med på dette! Då støttar du NLM sitt misjonsarbeid i heile verda, m.a. innan helsearbeid, barn- og ungdom, utdanning, bibeloversetjing og evangeliseringsarbeid mellom dei minst nådde folkegruppene i verda. Støtte NLM!

**På førehand takk for gåva.**

Fusa NLM v/Misjonsmessekomiteen



Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED



951 56 327 storum@fusi.no

**Malerfirma**  
Kenneth Samnøen  
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38

**HERBALIFE  
ERNÆRING**  
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

www.signeg.goherbalife.com/nn-no



# Matgåve til jul – Matglede til jul

## VIL DU VERA med å gleda nokon til jul?

Ved å gie ei matgåve støttar du familiar i lokalmiljøet som ikkje har så mykje å rutte med. I perioden 30. november til 16. desember vil det stå ei handlevogn utanfor Spar på Fjord'n senter. Ein kan gje matvarer i vognna, putte pengar i bøssa, eller vippse ein sum som vert brukt til å kjøpe inn ferskvarer. Gåva vil kome godt med til familiar som treng det.

**VIPPS: 90436 (marker med «matgåve»)**

Med venleg helsing Fjord'n senter, Nav Bjørnafjorden,  
Fusa sokneråd og Fusa Frivilligsentral



## Victoria er tilbake på sentralen

Etter om lag eit år morspermisjon er Victoria Tverli Dale tilbake som dagleg leiar i Fusa Frivilligsentral. Ho og Aleksander vart foreldre til Kasper for eit år sidan, og tida som heimeverande har gått utrølig raskt. «Det er fint å vera heime med Kasper, men jammen er det godt å koma på jobb igjen også», synest Victoria. Og me er alle glade for å ha ho tilbake.

Samstundes takkar med syster hennar, Henriette Tverli Dale, for kjempeflott innsats som vikar for Victoria. Frivilligsentralen har vore i gode hender i Victoria si permisjonsstid. For tida er Henriette dagleg leiar for Fjord'n Arena. Me ynskjer ho lukke til med det og evt. anna arbeid i tida som kjem!



Nøkkelerrekking på Frivilligsentralen.  
Foto: Hans Einar Markhus.

## Kveldsbibelskule

Det har denne hausten vore arrangert kveldsbibelskule på Eikelandsosen bedehus annakvar onsdag. Dette har vore veldig vel-lukka samlingar med god oppslutning. Det er tanken å halda fram med samlingar også etter nyttår. Då tenkjer ein å møtast til undervisningskveld ein onsdag i månaden og meir møte/lovsongskveld ein onsdag i månaden. Følg med på lysning over nyttår og vel møtt til samlingar på Eikelandsosen bedehus.



Foto: Harald Geir Sæther



# Reisa til Betlehem

Ein gong for lenge sidan vart det fødd eit lite esel i ein by som heitte Nasaret.

Då det vesle eselet var nesten ni månader gamalt, drog mor hans ut på ei lang reise saman med dei som eigde henne. Dei heitte Maria og Josef. Dei spurde Rebekka, nabojenta, om ho kunne passe på det vesle eselet medan dei var borte.

Men det vesle eselet var veldig lei seg når mora hans var borte, han miste heilt matlysten. Difor gjorde Rebekka i stand mat og vatn og lovte det vesle eselet at dei skulle finne mora. Dei drog av garde for å følgje etter Maria og Josef.

Vegana var fulle av folk som skulle til ulike landsbyar. «Har du sett eit esel med ein mann og ei dame?» spurde Rebekka soldaten. «Ja, dei gjekk framom her,» svarte soldaten. «Men skund dykk av garde no. Her er viktige gjester på besøk hos kong Herodes.

ein av dei. «Ja, dei gjekk forbi meg på vegen til Jerusalem,» svarte han.

Rebekka og det vesle eselet tok vegen mot Jeruselem. Snart kom dei til ein soldat som stod vakt ved eit slott. «Har du sett eit esel med ein mann og ei dame?» spurde Rebekka soldaten. «Ja, dei gjekk framom her,» svarte soldaten. «Men skund dykk av garde no. Her er viktige gjester på besøk hos kong Herodes.



# - ei juleforteljing

Rebekka og det vesle eselet gjekk vidare. Etter ei stund møtte dei nokre gjetarar som passa sauene sine. «Her de sett eit esel med ein mann og ei dame?» spurde Rebekka. «Ja, dei gjekk mot Betlehem,» svarde gjetarane.

Det vesle eselet og Rebekka drog vidare. Brått var himmelen full av vakker musikk. Og dei såg ei stor stjerne som skein ned på den vesle byen Betlehem.

Då dei kom fram til Betlehem, møtte dei ein mann som stod i døropninga til eit herberge. Rebekka spurde om han hadde sett Maria og Josef og eselet.

«Ja,» svarte han. «Dei ville ha eit rom her, men det var ikkje noko ledig. Dei gjekk til stallen.» Og husverten viste Rebekka vegen ned til stallen.

Stallen låg bada i eit strålande lys, som skein frå den klare stjerna over den. Då Rebekka og det vesle eselet nærma seg, høyrde dei lydar frå eselmora og av ein baby som gret.

Rebekka og det vesle eselet gjekk inn i stallen og såg Maria og Josef og eselmora. Og der, i ei krubbe, låg ein nyfødd baby. «Kva skal han heite?» spurde

Rebekka. «Han heiter Jesus,» svarte Maria.

Seinare reiste Josef, Maria og Jesus tilbake til Nasaret. Der vaks Jesus opp, og Rebekka var både leikekamerat og barnevakt.

IKO/Brian Wildsmith





# PÅMELDING

## til familiegudstenester på julafstan

Familiegudstenestene i kyrkjene våre på julafstan er kvart år godt besøkt. Det er kjekt! Pandemien gjev oss dessverre utfordringar i år. Me ynskjer ikkje å avvise folk på kyrkjetrappa på julafstan fordi kyrkja er full, derfor må me dette året ha påmelding til desse gudstenestene.

Påmelding til julafstansgudsteneste i Sundvor, Sævareid, Hålandsdalen, Strandvik og Holmefjord:

På e-post: [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)  
Tlf: 56 58 01 81

**Innan 11. desember**

# Gode medarbeidar!


I Fusa sokn er det over 140 frivillige medarbeidrarar. I pandemitida me no er inne i er det fleire nye som har takka ja til å stille opp som frivillige.

Medarbeidrarane i soknet har mange forskjellige oppgåver og tenester. Om lag 40 frivillige er direkte knytte til gudstenestefeiring der dei har ulike gjeremål som til dømes leke forkynnurar, klokkarar (tekstlesarar), kyrkjevertar og andre oppgåver.

Medlemmene som er valde til soknerådet har også stilt seg til disposisjon for soknet. I tillegg til soknerådet er det andre utval, grupper og personar som gjer frivillig innsats.

Fusa sokn legg vekt på at alle skal ha ei god oppleveling av å ha teneste i Fusa. Fusa sokn er heilt avhengig av innsatsen til kvar einskild av dykk. Soknet rettar stor takk til alle medarbeidrarane som bruker av si fritid til teneste for kyrkjelyden. Særleg no i pandemitida har de vist med all tyngde kor verdifullt dykkar arbeid er. Utan innsatsen til dei frivillige hadde det vorte eit tamt kyrkjeliv, og mest uråd å gjennomføre til dømes gudstenester.

Me er Guds medarbeidrarar. Det synar me ved å stille oss til disposisjon for Han som skal kome.



Også i år deler me ut Bibelleseplan til hjelp og støtte i vårt personlege andaktsliv.

Leseplanen for 2021 vert å finne i kyrkjene, og andre stader der det er samlingar. Ein kan også få den ved å vende seg til kyrkjekontoret i Eikelandssosen.

**Tusen takk for innsatsen til kvar einskild!**

Fusa sokn  
v/medarbeidarkoordinator Hartvig

## Adventskonsert med varm suppe!

Fusa sokn i lag med Tønnegarden steller i stand 2 adventkonsertar, **tysdag 8. og onsdag 9. desember kl. 19.00** på Tønnegarden, Samnøy.

Bandet «**Sjansespel**» i lag med flere vokalistar vil i to intimkonsertar freiste å skape advent- og julestemning midt i kvardagen. Begrensa tal billettar p.g.a. smitteverntiltak. Pris er kr. 150,- pr. person inkl. servering av suppe.

**Overskottet går til Fusa sokn sitt diakonale prosjekt for Brannskadde barn i Etiopia.**

Påmelding til Anette-Emilie Gangstø, tlf/SMS 45280278.

Arr: Fusa sokn og Tønnegarden

 **Tønnegarden**

 DEN NORSKE KYRKJA  
Fusa sokneråd



**Følg oss på  
facebook**  
- Fusa sokn



# ADVENTS- og JULEMIX

## Julekonsert

i Sundvor kyrkje med "Cimbrasso"



Etter nok en veldig god sommerturné i Vesterålen, legger trombonekvartettet Cimbrasso ut på en liten førjulsturné på Vestlandet! En av disse konsertene er  
**lørdag 28. november kl. 19:00 i Sundvor kyrkje.**

På programmet står spennende nye verker for trombonekvartett av Eilert Tøsse og Trygve Madsen, og en god dose nasjonalromantikk signert Edvard Grieg og Rikard Nordraak. En liten smak av jul fra de svenske skoger og russiske ballettsaler, har vi også med oss på tur.

### Billettar:

Ordinær: 250 kroner Barn/student: 150 kroner

Grunnet smittevern ser vi helst at betaling skjer med Vipps, men vi tar også imot kontanter i døren.

Med gjeldende avstandsregler vil det være begrenset kapasitet på dette arrangementet. Ønsker du å sikre deg plass på konserten, tilbyr vi derfor forhåndsbestilling av billetter på Vipps til 565294. Merk innbetaling med følgende informasjon:

- Telefonnummer.
- Hvilken konsert du kjøper billetter til.
- Hvor mange ordinære/barn betalingen gjelder.

**Velkommen!**

## Nyårsaftangudsteneste!

Det er tradisjon med nyårsaftangudsteneste i **Fusa kyrkje - kl.18.00**. Vi markerer overgangen fra 2020 til 2021. Ved Einar Ekerhovd.

## Vi syng jula inn

i Fusa kyrkje  
sundag 20. desember kl.16.30

med «Nine lessons and carols». Koret «Sine Nomine» blir med. Dette er ein populær engelsk tradisjon for julaftangudstenester – som etter kvart også har blitt populær andre stadar i verda.

Bli med i Fusa kyrkje og opplev advents- og julesalmar og ulike skriftlesingar i tilknyting til Jesus sin fødsel.

Kollekt til Kirkens Nødhjelp.



## Gudstenester

**Julaftan og 1. juledag**

**24. DESEMBER - HUGS påmelding, sjå side 14.**  
**kl.11.00 på Fusa bu- og behandlingssenter,** ved Einar Ekerhovd.

**kl.14.00 i Strandvik kyrkje – familiegudsteneste,** ved Einar Ekerhovd.

**kl.14.00 i Sundvor kyrkje – familiegudsteneste,** ved Margunn Å. Sæther og Harald Geir Sæther.

**kl 15.00 i Bygdaheimen, Holmefjord – familiegudsteneste,** ved Astrid Heidal og Anders Holmefjord.

**kl.16.00 i Sævareid kapell – familiegudsteneste,** ved Einar Ekerhovd.

**kl.16.00 i Hålandsdalen kyrkje – familiegudsteneste,** ved Norunn Rød Markhus.

**25. DESEMBER**

**kl.12.00 i Fusa kyrkje – Høgtidsmesse,** ved Einar Ekerhovd. Aksel Henning Holdhus på trompet.

**Det kan komme endringar i programma.**



# Jul i Bruktbuo

Velkommen innom julebutikken Bruktbuo. Me har alt du treng til høgtida, både gaver, pynt og klede. Hos oss kan du finne alt fra moderne julepynt til bestemors gamle juleservise. I Bruktbuo kan du kjøpe gaver med ein historie. Det kan til dømes vera ei bukse som har fått nytt liv ved å bli til eit handlenett. Ved å handle lokalt hos oss er du også med å støtte Fusa sokneråd sitt barne- og ungdomsarbeid, og brannskadde born i Etiopia.

**Ta julehandelen hos oss.**

Våre opningstider er:

Torsdag:	12 – 18
Fredag:	11 – 17
Laurdag:	11 – 14



**Bruktbuo**



La brukta bli brukta



**SPAR** 

**Fusa**

Man-fre **8-21**  
Lørdag **9-20**

**Tlf. 56582133**  
[spar.fusa@spar.no](mailto:spar.fusa@spar.no)

**Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!**

**ASVO Fusa AS**  
[www.asvofusa.no](http://www.asvofusa.no)  
[post@asvofusa.no](mailto:post@asvofusa.no)  
 tlf.: 56 58 14 18

**5640 EIKELANDSOSEN**

Er ei allsidig bedrift som driv med sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbrikettar og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmepumphus
- Høvleri
- Listproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

Alltid god service og rimelege priser!

**BYGGADMINISTRASJON Harald Bjørndal a.s.**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
 Tlf. privat: 56 58 51 19  
 Telefax: 56 58 11 99  
 Mobil: 970 63 526  
 E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

**VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR**



Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund

**Tlf. 97 59 24 88**

E-post: [post@nhstrykk.no](mailto:post@nhstrykk.no)

**Alt i trykksaker**



Utfører alt i maler- og golvbeleggbarbeid

Butikk i Fjord'n Senter



Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

**Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880**  
E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)



Spesialist på trekonstruksjoner  
Limtre – beslag – takstoler - takverk

[post@vlimtre.no](mailto:post@vlimtre.no)

[www.vlimtre.no](http://www.vlimtre.no)



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60  
E-post: [post@lhjertnes.no](mailto:post@lhjertnes.no)  
[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa

**Tlf. 56 58 22 86**

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00

[www.meca.no](http://www.meca.no)



**P. H. Haugen**  
**Landhandel - Sævareid**  
**tlf. 56583110**

e-post:  
[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa Ferdigbetong as**  
5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**  
Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)



**REISENE BESTILLER  
VI HOS:**

## **TRAVELNET OS REISEBYRÅ AS**

Boks 274 - 5203 Os

Tlf.: **56 30 43 00**

e-post: os@travelnet.no

[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



**Tønnegarden**

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord

Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no



- **Tønneproduksjon før og no.**
- **Selskapslokale, kurs og møtelokale.**
- **Servering av tradisjonsmat.**
- **Steinomnusbakst.**
- **Catering -middag, koldtbord, snittar mm.**
- **Kaker og lefser.**



Følg oss på facebook og instagram.

## **BUNNPRIS®**

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandsosen@bunnpris.no

Besök vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør

## **Fusa kraftlag**

5640 EIKELANDSOSEN  
Tlf. **56 58 00 20**

## **DE Rørleggerservice**

5645 Sævareid

Mobil: **915 87 002**

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma



## **Tombre**

[www.tembre.no](http://www.tembre.no)



**5643 STRANDVIK**

Tlf. **56 58 00 70** Fax **56 58 00 79**

E-post: [post@leiglandbygg.no](mailto:post@leiglandbygg.no)  
[www.leiglandbygg.no](http://www.leiglandbygg.no)

## **Solheim Elektro as**

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon **91 71 84 91**

E-post [havard@solheimelektr.no](mailto:havard@solheimelektr.no)

**www.solheimelektr.no**

## **SPAR**

## **Eikelandsosen**

**8-21**

**9-20**

Opningstid

Laurdagar

**Tlf. 56 58 00 90**



OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON  
**56 58 15 09**

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRIKT TIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

## **Sparebanken Vest**

avd. Fusa

**Tlf. 915 05555**

Din lokale bank med  
forsikring, lån,  
sparing og plassering.

## **VI ER HER**

[www.spv.no](http://www.spv.no)



**Hordaland A/S**  
**Rørteknikk**



**56 58 09 90**

[hordalandrorteknikk.no](http://hordalandrorteknikk.no)

**post@hrt.as**

Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.



# Gudstenester i Fusa sokn

29.11.2020 - 21.02.2020

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>November</b>				
29.11.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	1. sundag i adventstida
<b>Desember</b>				
06.12.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. sundag i adventstida
13.12.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	3. sundag i adventstida
13.12.	16.30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	3. sundag i adventstida
20.12.	16:30	Fusa kyrkje	Nine Lessons and Carols	4. sundag i adventstida
24.12.	11:00	Fusa BBS	Julaftangudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Strandvik kyrkje	Julaftangudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Sundvor kyrkje	Julaftangudsteneste	Julaftan
24.12.	15:00	Bygdaheimen	Julaftangudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Sævareid kapell	Julaftangudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Hålandsdalen kyrkje	Julaftangudsteneste	Julaftan
25.12.	12:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. juledag
31.12.	18:00	Fusa kyrkje	Kveldsgudsteneste	Nyårsaftan
<b>Januar</b>				
01.01.	12:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	1. nyårsdag
03.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Kristi openberringsdag
03.01.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Kristi openberringsdag
10.01.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	2. sundag i openberringstida
17.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	3. sundag i openberringstida
17.01.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	3. sundag i openberringstida
24.01.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	4. sundag i openberringstida
24.01.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	4. sundag i openberringstida
31.01.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Såmannssundagen
<b>Februar</b>				
07.02.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Kristi forklæringsdag
07.02.	19:00	Fusa kyrkje	Kveldsgudsteneste	Kristi forklæringsdag
14.02.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Fastelavnssundag
21.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	1. sundag i fastetida
21.02.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	1. sundag i fastetida
21.02.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	1. sundag i fastetida

## Frå KYRKJEBØKENE



### Dåp

#### Fusa kyrkje

- 20.09.2020 Jonathan Rosvoll Heffernan
- 20.09.2020 Viktor Stene Kolle
- 20.09.2020 Maja Hjelle Svendsen
- 18.10.2020 Johanna Strømmen Reknes

#### Sundvor kyrkje

- 26.09.2020 Brage Tveit

#### Strandvik kyrkje

- 20.09.2020 Johanne Sternhoff Leigland



### Gravferd

#### Sundvor kyrkje

- 02.10.2020 Bjørg Eva Lygre, f. 08.05.1937

#### Fusa kyrkje

- 08.10.2020 Johannes Rød, f. 06.10.1941

#### Hålandsdalen kyrkje

- 09.10.2020 Sylvia Betty Bjaanes, f. 31.03.1933
- 14.10.2020 Mally Kilen, f. 11.12.1922



# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen



*Ein gong  
sa Gud til mørkret:  
-eg vil syna deg  
eit lite barn-  
Og det vart Lys.*

«Ein gong» av Anders Holmeford